

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76.

Fylke: Oppland.

Tilleggspørsmålnr.

Herad: Lom.

Emne: DEI "KLOKE".

Bygdelag. Böverdalens

Oppskr. av: O. Øyjorde

Gard: Vollakveen

(adresse): Böverdalens

G.nr. I29 Br.nr. 2.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter det eg har höyrt fortalt av folk som kjende dei.
 B. Eller om den er etter andre heimelmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Dette emne kunde det vera overlag gilt å svara på berre ein kunde greie det. Men dei aller fleste gamle som havde greie på dette er no burte og tidsåndi er heller ikkje slik at folk legg på minnet um dei har höyrt fortalt noko.

Her skal stutt nemnast um ho "Gamle - Rönnaug" eller Rönnaug Slålien var det ho heitte. Ho og mannen åtte eit småbruk. Når ho var fødd veit eg ikkje, men ho livde i 1840 - 60 årom. Ho Rönnaug var flinkaste "nerkono" (jordmor) folk vissste um. Dersom ho ikkje greidde ein vanskeleg fødsel so var det ikkje nokon annan som kunde gjera det uppatt etter henne. So kunde ho stemne blod ved at ho las over såret. Det er fortalt at den kjende smeden Ola H. Slålien skar sund pulsåri i eine låret sitt so blodet sprutte opp i taket. Dei fekk sett klemme over låret og bodsende "Gamle-Gauparen" (som eg skal nemne sidan). Gauparen greidde å stogge blodet ei stund med medesinet sitt og reivingar. Han brukte visst millom anna ei grastorve. Men so tok det til å blö att og det stod um liv for smeden. So vart ho Rönnaug bodsendt. Ho gjorde berre mulla lite over såret og då helt det opp å blö. Ho Rönnaug las rusk utur augom på folk og gjorde åt for tannverk. Eg kjende dotter dotter hennar Rönnaug ho heitte og Rönnaug. Ho kunde og lesa rusk utur augom. Eg spurgde henne um ho kjende noko til lekjerådene til bestemor si. Ho svara ikkje noko större på dette, men ho sa: "Skål du lere slikt må du vera frums född". "Frums" det er at ein sjölv er fyrste född og at foreldri er det og at beste-

foreldre er det og - altso fyrstefødd i 3 leder.

2

Gamle - Gauparen

Ola Trondsen Gaupar som namnet hans var var fødd i 1784 og død i 1873. Gaupar er ein medels stor gard i bygden og Ola Trondsen vart gardbrukar då han var 12 år gamall. Far hans drukkna i Bövra.

Det var som sårlekjar helst at Gauparen virka. Og mange vart gjorde gode att av honom. Medesinet han brukte laga han sjölv, av plantor og rötter han samla seg ei viss tid um sumaren. Han kunde og doktera for sjukdomar ellers. Mesteparten av dette han havde lært seg trur eg han har lese seg til, for det finnst att fleire böker og skrifter om läkjeråder etter honom. Han livde i ei tid då ovtrui var stor, dertil var mannen sikkert godt utrusta og ei stor interesse hadde han for alt som heitte medesin og läkjeråder. Folk tok og til å kalle honom "Stygge- Gauparen.

15426